



STRANDEBARM



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

# KYRKJEBLADE

## FOR KVAM

NR. 4 • DESEMBER 2024  
85. ÅRGANG



Odd Johan takkar av  
Side 4

Konfirmant -  
livet er fint  
Side 7

Musikken si  
kraft  
Side 9

Bøneveke i Kvam  
Side 12

## FRAMSIDA

Isak Rørvik Lilleskare, Lisa Hisdal, Maylinn Kathrine Håland og Halvor Økland



Foto: Inger Karin Tordal

## GÅVE

Kunne du tenka deg å senda ei gåve til

### Trusopplæring for Kvam?

Då kan Vipps  
#583498 nyttast.

## KYRKJEBLAD

FOR KVAM

### Utgjevar:

Vikøy, Øystese, Ålvik og Strandebarm sokneråd

### Ansvarleg redaktør:


Olav Skeie Lid, epost: OL485@kyrkja.no

### Grafisk produksjon:

Norheimsund Trykkeri AS

### Trykk:

Kai Hansen Trykkeri



### Kontingent:

Friviljug / kr. 350,-

### Bankkontonummer:

3530 07 06922 for kontingentar og gåver  
Vipps #584927

### Annonsar:

Kontakt redaksjonen

### Opplag:

4100 pr. nummer. Fire nummer i året.

### Tips til stoff:

Send til ol485@kyrkja.no

## LEIAR

### Gje meg ein handverkar!

**Det dundrar på oss heile dagen.** Dei mange medieplattformene i vårt, herunder også statskanalen NRK, bombarderer oss med innspel om det meste. Og midt i straumen finn me eit relativt nyt fenomen: *influensarar* og *tv-personlegdomar*. Utan blygsel stiller dei opp og gjev til kjenne sitt syn på det aller meste, basert på det eine faktum at dei har funne ei innkoma hjå dei marknadskrefter som er viljuge til å betala dei for å selja sitt produkt gjennom sosiale medium.

Smak litt på ordet: *influensar*. I kraft av å selja sitt namn til ein marknad som betalar for at vedkomande reklamerer for produkta deira, så påberopar alt-så desse ansiktia at dei er berettiga å vera ein slags rikssynsarar, og ikkje nok med det: namnet *influensar* tyder også på at dei ser på seg sjølv som påverkarar og premissleverandørar i våre liv. Kven har gjeve dei fullmakt til å opptre som påverkar i mitt liv? Er det for mykje forlangt å få lov til å velja sjølv kven ein vil verta påverka av? Tv-personlegdomar dukkar også opp i vår kjendis-verd. Det seier vel meir om ein aldrande kyrkjeleverje at han aldri har hørt om nokon av dei, enn om fenomenet i seg sjølv. No er ikkje kjendis-fenomenet noko nytt i seg sjølv, dei har alltid vore dei, og massane har kjent seg dregne mot dei. Folketalarar, spelemenn som Ole Bull, - jaudå, dei har skapt furore gjennom tidene, mange av dei. Men dei gjorde det i kraft av at dei presterte noko, dei gav oss noko

## Olav Skeie Lid

Redaktør



gjennom kunst, ord, målarkunst – you name it.

Dagens influensarar og tv-personlegdomar har ikkje frugg av prestasjon på CV-en sin, berre eit andlet som dei sel til eit umetteleg svolte gap som heiter sosiale media. Mange av dei har sikert ein og annan fornuftig tanke, men folkens: dette er syltynne saker. Og så skal dei framstå som formidlarar, førebilete og rettleiarar for ein heil generasjon?

Nei, gje meg ein handverkar. Ein som står opp kvar morgen, som gjer eit ærleg stykke arbeid, som byggjer landet bit for bit, som ikkje ropar høgt om seg sjølv, men set sine spor i handfaste produkt. Gje meg ein murar som byggjer hus, gje meg ein snikkar som legg heller på tak, gje meg ein kyrkjegardsarbeidar som gravlegg våre døde, gje meg kvardagsslitaren som ikkje bed om merksemdu, men som utfører sitt trugne arbeid i det stille.

Pietisten og lutheranaren i meg fornekta seg ikkje: Martin Luther, Hans Nielsen Hauge, ja, heile vår kultur har i mange hundre år vore tufta på dette eine: arbeida trufast i den stille kvar-dagen, gjera si plikt, - og ikkje ropa høgt om sine bragder. Denne småålåne levemåten, som har bygt landet vårt, må no vika plass for glatte ansikt som kallar seg influensarar, og som sel hud-kremar gjennom skjermen.

Eg kjempar nok mot vindmøller, og eg ser levande for meg korleis den yngre generasjonen smiler overberande til den gamle mannen i hornet på veggen. Men det gjorde syrgeleg godt å få seiia det.



DEN NORSKE KIRKE  
Kvam kyrkjelege fellesråd

### Telefon:

414 00 035 / 474 83 120

### E-post:

post.kvam@kyrkja.no

### Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje,  
Kyrkjev. 40, Norheimsund

### Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

**Informasjon om våre tenester, kontakt-informasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:**

[www.kyrkja.no/Kvam](http://www.kyrkja.no/Kvam)



Den norske kyrkja i Kvam



@kyrkjerikvam

### Organisasjonsnummer

**Kvam kyrkjelege fellesråd:**

976 995 082

### Kyrkjeleverja i Kvam:

Olav Skeie Lid, tlf 41400035,

epost: ol485@kyrkja.no

### Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Vetle Karlsen Eide,

vk267@kyrkja.no, tlf. 400 35 356

### Soknepresten i Øystese og Ålvik:

Roar Strømme,

rs466@kyrkja.no, tlf. 970 37 737

### Kvam kyrkjelege fellesråd:

Kjell Dysvik

kjell.dysvik21@gmail.com

### Rådsleiarar Strandebarm sokn:

Margunn Mikkelsen Tordal

mmtordal@gmail.com

### Vikøy sokn:

Astrid Helleve Fylkesnes

a.h.fylkesnes@gmail.com

### Øystese sokn:

Kjell Dysvik,

kjell.dysvik21@gmail.com

### Ålvik sokn:

Ida Lindøe

idalind@online.no

## Julens tjeneste - en kirketjeneres refleksjoner

Julen nærmer seg, og for mange av oss er denne tiden fylt med forberedelser og forventning. Som kirketjener har jeg den store gleden av å gjøre kirken klar til å ta imot dere til julens gudstjenester. Det er en tid hvor vi sammen minnes og feirer Jesu fødsel, lyset som kom inn i verden, og budskapet om håp og frelse. Midt i alt dette er tjenesten i kirken en viktig del av min egen julefeiring, og jeg ønsker å dele noen tanker om hva denne tjenesten betyr for meg.

Gjennom hele adventstiden forbereder vi oss ikke bare på høytiden, men på selve mirakelet som julen bringer – Jesu komme til verden. Dette minner oss på tjeneste og overgivelse. Da engelen kom til Maria med budskapet om at hun skulle føde verdens Frelser, svarte hun med ydmykhet: «Se, jeg er Herrens tjenestekvinne. La det skje med meg som du har sagt» (Lukas 1:38). Maria tok på seg en stor oppgave med tro og tillit, og i lys av julens budskap prøver jeg å møte min egen tjeneste i kirken med samme ånd – ydmykhet og trofasthet.

I julen er vi kalt til å tjene med glede og takknemlighet, slik det står i Salme 100:2: "Tjen Herren med glede, kom fram for ham med jubel!" Forberedelsene til julen kan være travle og krevende, men de er også fylt med en dyp glede over det vi feirer. Å gjøre kirken klar til julegudstjenestene – sette opp juletreet og julekrybben, tenne lysene, og gjøre alt klart til at menigheten kan samles – gir meg

en spesiell glede, fordi jeg vet at alt dette bidrar til å skape en ramme rundt feiringen av Jesu fødsel.

I Kolosserne 3:23-24 blir vi minnet på: "Alt arbeid skal dere gjøre helhjertet, for det er Herren og ikke mennesker dere tjener. Dere vet at dere skal få arven til lønn av Herren. Tjen Kristus, vår Herre!" Dette verset minner meg om at mitt arbeid som kirketjener ikke bare er for mennesker, men for Gud. Selv om arbeidet kan virke skjult for menigheten, er det synlig for Gud. Å tjene i stillhet uten anerkjennelse kan være en utfordring, men uansett hvor små oppgavene kan virke, er de verdi满满的 for Han som ser alt.

Julen minner oss også på viktigheten av å tjene andre, slik Jesus selv kom for å tjene. I Matteus 20:28 står det: "For Menneskesønnen er ikke kommet for å la seg tjene, men for selv å tjene og gi sitt liv som løsepenger for mange." Jesu fødsel markerer starten på hans tjeneste for oss alle. Som kirketjener prøver jeg å gjenspeile denne holdningen ved å tjene menigheten på en ydmyk og trofast måte, slik at vi sammen kan fokusere på det viktigste i julen – Guds store kjærlighet åpenbart gjennom Kristus.

Hebreerne 13:16 sier: "Men glem ikke å gjøre godt og dele med andre, for slike offer er til glede for Gud." Julen er en tid for å gi, både av vår tid og våre ressurser. Når vi samles i kirken til julens gudstjenester, deler vi ikke bare evangeliet og feiringen av Jesu fødsel, men også fellesskapet. Å skape et rom hvor alle føler seg

**Franckie Mario  
Andrianaivo**

Kyrkjetenar



velkomne og ivaretatt, er en del av den tjenesten jeg bærer med meg i julen. Det er en tjeneste som bringer oss nærmere hverandre og nærmere Gud.

Til slutt vil jeg minne om ordene i Lukas 2:10-11, der engelen sier til hyrdene: "Frykt ikke! Se, jeg forkynner dere en stor glede, en glede for hele folket. I dag er det født dere en frelser i Davids by; han er Messias, Herren." Dette er julens budskap – gleden over at frelseren er født, en gave til hele verden. Gjennom min tjeneste som kirketjener, håper jeg å bidra til at julens glede kan oppleves i fellesskap her i kirken, og at vi alle kan få kjenne nærværet av Guds kjærlighet denne julen.

*Ønsker dere alle en velsignet jul full av glede, fred og nærbetet til Gud.*



Franckie syter for at kyrkja er rein og klar til alle tider.

# Odd Johan takkar av

**Lett i steget, med den umiskjennelege hockeysveisen lett krullande i nakken. Ukueleg ro i alle stressa situasjonar, profesjonell til fingerspissane, - og velsigna flink å snakka med folk. Møt Odd Johan Tordal før han takkar av og vert pensjonist.**



-Det har vore eit godt liv, seier han. Han kom inn i gravferdsbyrået for 30 år sidan, og har aldri angra. – Det er eit spesielt yrke, og mange gonger kan det vera tøffe tak, vedgår han. Men møtet med pårørande, samtalar i sorga, og kjensla av at ein har vore med og gjort det tunge kanskje litt lettare, veg opp for dette når rekneskapet skal gjerast opp.

-Det beste med jobben er at eg har fått tilbakemeldingar på at men-

neske har sett pris på det me har gjort, i ein vanskeleg livssituasjon. Døden treffer dei fleste av oss berre nokre gonger i våre liv, og mange står litt handfalte i møte med sorga og alt som då må gjerast.

Odd Johan tok til i 1994, og har alt-så i 30 år vore i bransjen. Hardanger & Kvinnherad gravferdsbyrå er i dag eigd av Åsane begravelsesbyrå, og altså styrt frå Bergen.

- Mange tøffe tak har det vore, vedgår han. Døden er det mest naturlege me har i livet, - men samtidens så vanskeleg å forhalda seg til, og så fatal og endeleg. Det er ingen veg attende.

-Me har også sett at mange ynskjer ei meir personleg preg på gravferda enn det som var vanleg før. Stort sett går dette greit, og me er flinke til å finna gode løysingar i saman, pårørande, gravferdsbyrået og kyrkja. For sjølv om ein gravferdsseremoni kan skje i mange slags hus, så er dei aller, aller fleste i kyrkjene våre.

-Kyrkja og gravferdsbyrået vert på mange måtar i same bransje, reflekterer Odd Johan. Begge instansar trengs med sin kompetanse for å gje ei verdig ramme rundt ei gravferd.

-Men, legg han til, - det vert fint den dagen me også kan tilby eit livssynsnøytralt lokale her i Kvam. Det fortener dei mange som ikkje finn det naturleg å ha ei kristen gravferd.

-Og no er det jamnt slutt for din del?, undrast redaktören.

-Tja, Odd Johan dreg på det. – Eg vert kanskje leigd inn på deltid frå tid til annan, men det skal verta godt å sleppa vakttelefonen og utryknigar nattestid. Det er ei tid for alt.

Han legg heller ikkje skjul på at det har vorte travlare med åra: - Også i denne bransjen har nedbemaning gått sin gang. Då eg tok til, var me to mann i Kvam, - i dag er det redusert til berre ein. Resten vert leigde tilfeldig inn. – Men me er flinke til å hjelpe kvarandre, og kryssar kommunegrenser rett som det er. – Eg har sett mange kyrkjer etterkvart, smiler han.

Han ryddar i hop kransestativ og ljosestakar, og ruslar ut av kyrkja. 120 gravferder i året i 30 år, - det vert mange kransar og mange andaksord å fordøya. Stega er lette, og hans lune ro ligg att som ein varme i kyrkjerommet.

## Bollefest

Eit lite knakk på døra: - Er det her konfirmanthane skal ha samling i dag? Kari Eikemo Skeie er det som spør, og ho kjem ikkje tomhendt. Ho ber med seg to store fat nysteikte bollar. – Eg tenkte kanskje at konfirmanthane var svoltne etter skuledagen,

sjå her, - to til kvar!

«*Så gjer ein annan mann ei beine, då*», seier Olav H Hauge i eit av sine dikt. Kari gjer nettopp det - og slikt varmar utruleg.

Dagen vart endå litt ljosare enn den var.



Kari og Mampion er eit godt team!

## ...og sjå: det vart ljós att!

**Det er harde tider, kjære bror, seier Karius til Baktus i filmen med same namn. Og eit augnekast ut i den store kommuneverda fortel oss det same nett no: Det er harde tider. Økonomien i det offentlege er på sotteseng. Skular vert nedlagde over ein låg sko. Kyrkjå lyt ta sin del av kostnadene – og har sløkt ljosa kring kyrkjene, for å spara på dyre straum-kroner.**

Men midt i dette spare-infernoet, så kjem det ljøsglimt. Det tikkar inn meldingar frå både dei eine og den andre, privatpersonar og organisasjoner: Me saknar ljosa kring kyrkjå vår!

Og nokre let også handling fylgia tanke: - Kan me få vera med og betala for å få ljøset attende?

Kyrkjeverje bøyjer seg i audmjuk takk, skrur på ljøsbrytaren att - og får nok ei påminning om at kyrkjå er viktig for mange. Som eit ljøs-sett fyrtårn ligg den og skin midt i bygda, og gjev både trøyst og von til lek og lærð. Som Erik Hillestad seier i ein song om kyrkjå: «Den virke sliten, den er litt rar? - men om den svikte, så er den alt me har.»

Takk!



Ljøset fløymer over  
Norheimsund kyrkje  
Foto: Inger Karin Tordal



Høgt hang dei - men blide var dei, både Ottar og Heine.

## Kyrkjevaske i haustsol

**I pur glede over strålande haustver, og i suveren forakt for HMS og hjelmpåbod, sat det to kanaljar i ei korg og vaska kyrkjetårnet i Vikøy.**

Nok ein gong er det evigunge Ottar Byrkjeland som er øvst i korga, og sveivar både malingskrape og malingkost i same sveipen. Vestsida av tårnet får mykje juling, som ventande kan vera. Det er ikkje mange åra sidan sist målingstrøk, men no var flikking naudsnyt att. Lift-eigar og uunnverleg kyrkjeleg-formann Heine Ugletveit syter for at lift og mannskap samarbeider, og med stø hand leier han både gamle Ottar og alle remediane hans trygt ned på bakken att etter endt dugnad.

Vedlikehald er eit evigvarande prosjekt. «Forsømo teke ka ho faor», hermde ei gammal øystesekjerring – og det er sanne ord.

Takk at de bryr dykk, bygdefolk!

## Middag, anyone?

**Kanskje treng travle foreldre i barnehagen ei kjærkomen invitasjon til ein rimeleg middag hos naboen? Slik tenkte soknerådet i Vikøy – og dei gjorde meir enn å tenkja: Dei inviterte.**

Gamle-apotekaren vår, Atle Naterstad, har vore ein slags primus motor for det heile. Kona Tove Fjell sit i soknerådet, så han hadde kanskje ikkje noko val. Uansett: han står i spissen for komiteen som med liv og lyst har kasta seg rundt og laga til rimeleg kafe ein gong i månaden. Og foreldra let seg ikkje be to gonger – dei kom i flokk og fylgje og fylte kyrkjelydsalen med latter og godlyd. Ingenting er som eit fellesskap kring eit måltid mat.



Blidare eks-apotekar finn du ikkje!

# Jondal sokn over fjorden som straff?

Ove-Kjell Sakseide

Pensjonert lærar



**Eg sleit litt ein dag tidleg i sommar. Helsa var ikkje heilt på topp, og eg hadde ikkje noko å lesa i, trudde eg. Me eg måtte sjekka i bokhyllene mine, og kom over nokre gamle bøker trykte eingong på 1800-talet. Ein av sónene våre hadde kjøpt nokre etter det eg tyder som «Vestre Akers indremissonsforening» sitt bibliotek. Og eg vart hjelpen.**

Ei av bøkene handla om Martin Luther og Reformasjonen, og hadde fått tittelen: «Skildringer af Reformationens Historie.» Med undertittel «Et Prisskrift» af B. ter Harr. Boka var trykt i 1865, og omsett til dansk «Efter femte forøgede Udgave».

For ikkje så lenge sidan skulle eg ha tak i noko stoff frå siste krig, og var på biblioteket og såg gjennom lokalaviser frå den tida. Då kom eg over ein artikkel som hadde stått i Hardanger Bygdeblad. Artikkelen var skiven av L. S. Eide (Jondal), og presenterte ei gammal segn:

I Jondal hadde gamlepresten måtta takka av, og ny reformert prest var kome på plass. Men så var det eit problem: Gamlepresten var godt likt, og den nye gjekk ikkje så godt saman med bygdefolket.

Segna fortel at den nye presten, vart slått i hel. Som straff for dette, vart Jondal sokn lagt under Vikøy. Vikøy var eit av dei minste og fattigaste sokna i Hardanger, og fekk på den måten totalt endra status.

Artikkelen som L. S. Eide presenterer i det som på folkemunne gjekk for «Bollaposten», støttar opp om denne «sanninga». Men det er vanskeleg å tru på segna. Så langt har eg ikkje funne noko som tilseier at segna er sann.

Men at det i ein del sokn har gått på livet laust for nye-prestane, er sikkert.

Det gjekk på livet laust for dei som reiste seg mot «Romarkyrkja» også. Luther var ikkje den første

som tok til motmæle mot avlats-handelen. Peterskyrkja i Roma var under bygging, og krov store investeringar. Det vart då selt brev på at folk fekk ettergitt syndene sine. Ja, til og med synder som enno ikkje var gjort, kunne dei få frikjent-brev for. Og så kunne dei som hadde råd til det, likevel koma lettvint gjennom «Skjærsseldene». Og kyrkja fekk så store inntekter at Peterskyrkja kunne ferdiggjerast.

Martin Luther var godt vaksen då han fekk lesa i ein Bibel, Og enno gjekk det ei tid før han fekk sin eigen. Frå bøkene i Bibelen vart samla og til godt over reformasjonstida, var det mange prestar som ikkje hadde bibel. Kanskje dei ikkje eingong hadde lese i ein?

Og alt i kyrkja gjekk føre seg på latin. Svært få forstod kva som vart presentert gjennom gudstenesta. Og det er ikkje til å undra seg over at alle reformatorane er frå det meir nordlege Europa der latin var meir framandt enn sør i Europa.

Alle reformatorane hadde tidleg i livet hatt ei tid i kloster. Martin Luther ville helst høyra til i den katolske kyrkja, men vart pressa til å bryta. Det var Gud som kunne tilgi synder. Ikke noko brev kunne overprøva Guds dom. Det var trua åleine som var vegen til frelse.

vondende Tro, den famme Ult overvindende  
ige:  
 Og mylred Djævle frem af Jord  
Og os opsluge vilde,  
Vi frygte dog ei Fare stor,  
De deres Trudsler spilde. — —  
 — Og tage de vort Liv  
Guds, Være, Barn og Bio,  
Lad fare i Guds Navn,  
Dem bringer det ei Gavn  
Guds Rige vi beholde!  
  
 ne Psalme," skrev Tyriaf Spangenberg  
ge Uldtryt, at vore Ærjender næsten maa  
paa den."  
  
 Luther skrev berom fra Ehrenburg

"Vår Gud han er så fast ei borg"

Kva skjer i  
trusopplæringa  
framover?



**Kyrkjokino:** 10. jan. i Norheimsund  
8. mars i Øystese

**Babysong:** 20.jan, 3.feb, 17.feb, 3.mars,  
og 17.mars i Norheimsund kyrkje

**Småbarnstreff:**  
15. jan, 29.jan, 12.februar, 12.mars, og  
26.mars i Norheimsund kyrkje

**Tårnagent:**  
Norheimsund kyrkje: 25.januar  
Øystese: 15.februar  
Strandebar: 29. mars

**Kyrkjeklubben** i Norheimsund  
kyrkje: 30.01, 27.02, 27.03

# Konfirmant-livet er fint!

-Og kvifor trur de at dåpsfaget i Øystese er i hendene på ein engel?

Prest Brigit Sigve Skeie ser rundt seg i flokken av konfirmantar.



Andreas og Ingrid framfor kyrkja dei skal konfirmera seg i.

Kyrkjebladet har teke pulsen på ei konfirmantsamling. Skuledagen er slutt, og ein flokk 14-åringar kjem slentrande inn i kyrkja. Kateketen Mampion og presten Brigit Sigve er godt førebudde, deler flokken kjapt i to etter ein felles start. Undervisninga kan ta til. Nokre i kyrkjerommet, nokre i forsamlingsrommet i bårehuset. Dei grunnleggjande byggjesteinane i den kristne trua lyt på plass. I dag er det dåpen som er tema, og Brigit Sigve heiser ned den forgylte engelen med dåpsfaget og samlar gjengen sin rundt seg. Spørsmål og svar går begge vegar, og dåpen sitt mysterium vart kanskje litt enklare? Samstundes er det ikkje alt som tanken skal klara skjøna – mykje av det handlar om tru.

To av konfirmantane, Ingrid Valland Fykse og Andreas Stuve Grønsberg, har tid til ein prat med kyrkjebladet på veg ut etter endt undervisning:

-Kvífor valde de kyrkjeleg konfirmasjon?, undrast ein forviten bladfyk.

Både Ingrid og Andreas dreg på det: - Det handla vel mest om tradisjon, og at nesten alle andre i klassen skulle ha kyrkjeleg konfirmasjon, seier Andreas. - Og så gler me oss til KRIK-leiren, som er ein del av konfirmasjonen! Den har me hørt mykje om, og ser fram til den.

-Og så er Mampion ein kjekk konfirmantlærar, skyt Ingrid inn – ho er flink til å formidla den kristne trua til oss.

-Kva visste de om om kyrkja før de tok til med konfirmantundervisning?

-Ikkje så mykje, vedgår dei begge. – Men me har gode minne frå då me var med på Lys vaken i si tid, og fekk overnattat i kyrkja!

Mobilen kjem fram att i handa på travle 14-åringar, og vår audiens er over.

Kyrkjebladet sin utsende tek på heimveg, og tenkjer med seg: me har i sanning flotte ungdomar.



Brigit Sigve er engasjert konfirmantlærar.


## Ei hand å halda i

Ei trygg hand er godt å ha når mykje er framandt. For ein liten 4-åring er vegen fram for å ta imot boka si både lang og krevjande. Då er bestemor si hand god å ha!

4-årsboka er etterkvart kyrkja sitt mest innarbeidde tiltak. I over 40 år har smårollingar hatt dette som ein kriblane svenneprøve: klarar eg å gå fram åleine? Oftast må det litt hjelpe og stønad til, for å koma til mål!



Vesle Noah Bradley Rykkje med boka i eine handa, og handa til bestemor i den andre.



...og her er det mange fine bilete!  
Presten Vetle viser boka fram.

# Med all mi kraft og all min kjærleik

**Mangel på kjærleik gjorde at Anjali stolte på feil folk då ho som 11-åring vart sold til ein bordell i India. Likevel har ho ikkje mista trua på kjærleiken. - Eg kjem til å bruka eit heilt liv til å helbreda meg sjølv etter ein øydelagd oppvekst, men eg er villig til å gjera det med all mi kraft og all min kjærleik. I dag arbeider ho som rektor på skulen ho sjølv starta.**

## Redda frå eit helvete på jord

Året er 2008, og ei spinkel 13 år gammal jente vert redda frå ein bordell i India. I to år har livet hennar handla om å tilfredsstilla sine overgripalar sine ynskje. Ho var fritt vilt, og dei kunne gjera som dei ville med henne. Ho vart redda av den brasilianske organisasjonen «Apple of God's Eye». Dei måtte gå gjennom ein del juridiske prosessar for å få henne tilbake til heimlandet Nepal. Anjali har på dette tidspunktet i livet eit ynskje: ho skal tilbake til landsbyen ho kom frå. Tilbake for å redda andre unge jenter som står i faresonen for å bli fanga på same måte som ho vart.

## Livsfarleg skuleveg

Skulevegen til Anjali er framleis å rekna som ein av verdas farlegaste

for jenter. Ikkje på grunn av trafikk, jordskred eller steinras. Heller ikkje på grunn av ville dyr i skogen. Skulevegen er dødsfarleg fordi menneskesmuglarar er å finne langs vegen. Dei har utarbeidd ein vellukka strategi for å lokka unge, sårbare jenter med seg. Ein av dei klarte å lokka Anjali då ho som 11-åring gjekk til skulen.

-Frå eg var 7 til eg var 13 levde eg et liv heilt utan kjærleik. Aldri ein klem, aldri god mat, ingen god skulegang, - og heller ikke vern mot dei som ville meg vondt. Da menneskesmuglarane lurte meg, var eg allereie eit barn som var livredd for dei bøllete gutane i nabobygda. Dei kom jamnleg og plagde både meg og fleire jenter i landsbyen eg budde i. Ingen stoppet dem. Me var fritt vilt.

Mangelen på kjærleik gjorde at ho stolte på ulvane i føreklede. Dei farlegaste av dei farlege. Dei som er viljuge til å selja små jenter til eit liv i fangenskap og sexslaveri.

-Eg flykta fra eit liv i frykt, men hamna ein sted som var verre, seier ho stille.

## Husrom og hjarterom

Det var til gjengjeld my kjærleik iheimen som tok i mot henne da ho kom tilbake til Nepal. Organisasjonen som redda henne driver fleire slike heimar, og der er det plass til både gutter

og jenter. Her fikk ho alt hun hadde mangla i oppveksten. En mjuk seng å sova i. Deilig, velsmakande mat. Skulegang. Venskap. Tryggleik. Nokon som var glad i henne. Kjærleik. Bøttevis av kjærleik. Det gode ho møtte, gjorde henne nyfiken. Kvar kom den frå?

-Jeg forsto at organisasjonen som redda meg var kristen, og at dette også galdt fleire av de tilsette. Då bestemte eg meg for selv å tru. Den kjærleiken som prega dei, ville eg også skulle prege meg. Då vart eg også endå meir kalla til å hjelpe jenter i same landsby som eg kom frå!. Draumen vart halde levande i fleire år.

## Draumen om skule vert sann

Så, i 2021, opnar Anjali skulen ho har drømt om helt sidan hun vart redda frå bordellen i 2008, Hasta Memorial school. Skulen er bygd i eit område der jenter tidligare måtte gå langt på verdas farlegaste skuleveg. Skulevegen Anjali sjølv gjekk då ho hamna i klørne på kyniske menneskesmuglarar. Jentene treng ikkje lenger å gå denne vegen, for skulen ligg i same nærområde dei bur i.

På Hasta Memorial er det plass til 100 barn. Anjali har også starta eit fond som gir stipend til jenter som vil fullföra videregående skule. I skrivande stund er det 35 unge jenter som får hjelp.



Anjali likar å undervisa



Kunnskap er nøkkel til alt!

# Musikken si kraft – frå vogge til grav

**- Musikken er som ei kraftkjelde inni meg. Musikken syng i meg heile tida, og gjev farge og lys over kvar einaste dag. Sevi ser på meg med alvorleg blikk, og er ikkje i tvil: musikken er sjela til kyrkja.**

Musikk er over alt. Muzak i butikken, Spotify, speleliste, strøyming – heile tilverret er innsusa i musikk, døgeret rundt. Men kvar er den levande musikken?

Ulf og Sevi er kyrkja sitt radarpær innan musikken. Med kvar sin bakgrunn, og veldig forskjellig uttrykk, utfyller dei kvarandre på meisterleg vis. Begge er klassisk utdanna innan både klaver og kyrkjemusikk, Ulf har på eit seinare tidspunkt i livet funne jazzen som ein berebjelke i sin musikk. Men på eit punkt er dei urokkande samde: musikken må vera levande. Den må vera her og no. -Kva sit me att med, dersom kyrkja vert ein jukeboks? spør Ulf retorisk. Krava om å få spela av musikk i gravferda, musikk som betydde mykje for både pårørande og den avdøde, møter me heile tida. Kantorane i Kvam arbeider likevel målretta for at det må vera den levande musikken som skal femna våre viktige dagar i livet.

-Men me må vera ærlege, seier Sevi. Kyrkjerådet sentralt har sagt at dersom nokon ynskjer avspeling av musikk i ei gravferd, er det høve til det. Dette skal me ikkje stikka under ein stol, seier ho. - Men, legg ho til: - eg vil likevel arbeida for at folk skal forstå at dei

går glipp av noko når ikkje musikken og songen er levande. Dei aller fleste gonger finn me saman, dei pårørande og eg, dersom me kjem i dialog om dette. Og mange gonger har eg opplevd at menneske er glad for at det vart levande musikk til slutt, sjølv om dei hadde tenkt seg ei avspeling. Ulf vert ivrig: - Det er noko misforstått dersom min jobb skal bli redusert til å sitja å trykkja på ein ipad, for at musikk på boks skal koma strøymande ut av ein høgtalar. Kvar vert det då av det skapte, det genuine, møtet mellom songen, musikken og dei som er til stades? Me brukar levande blomar i ei gravferd, levande ljos, menneska som snakkar, er levande. Kvifor skal musikken vera død og innpakka i ei lydfil? Og det er heller ikkje alle kyrkjer som har lydanlegg som rettferdiggjer den kvalitet ei slik avspeling bør ha.

-Eg håpar den levande musikken og den levande songen kan få vera hos oss alltid, seier han. Eg legg mi sjel i at menneske skal verta berørte gjennom det eg kommuniserer, anten det er på orgel eller på piano.

- Og ikkje minst, smett Sevi inn, - me kan spela det aller, aller meste. Gje oss notar og litt tid, så kan me framføra det du ynskjer i bryllaup eller i gravferd. Men lat oss sleppa bli reduserte til mekaniske jukeboks-operatørar.

Bach sine tonar fyller atter kyrkja, i det kyrkjebladet sin utsende stille let att døra.



Sevi i konsentrasjon i Vlikøy kyrkje



Ulf er ein engasjert kantor!

# Etterlengta utstyr på plass på kyrkjegården

**-No treng me ikkje vera redd for å få sleggja i hovudet når me slår ned stemplingsbord! Heine og Bjørn Kåre er velnøygde med årets nyinnkjøp: ein stemplingskasse til bruk i gravferder.**

Stemplingskasse høyrer neppe til ålmenta sitt ordforråd. Me snakkar altså om ei forskaling til å halda jordvegger i ro i samband med gravferder. Her har det i lange tider vore gjort på same måte: ein set ned solide rammer horisontal plank, og forskalarar så tett i tett med vertikale forskalingsbord. Enkelt, trygt og fleksibel – men arbeidskrevjande og mange tunge tak med slegge og rå muskelkraft.

No heiser dei kassen ned i grava, - og dermed er jobben gjort. Den solide aluminiumskassen held trykket frå jordmassane ute. Etter endt seremoni vert kassen heist opp att i samband med pågraving.

HMS-sjefen er nøygd, karane er nøygde. – Og så fekk me den rimeleg, smiler Bjørn Kåre – vel vitande om at fellesrådet sin økonomi er rimeleg trong.

Men uansett: Stemplingskassen er eit godt steg framover for dei som ofte har ein fysisk krevjande arbeidsdag.



Stemplingskassen - ei solid nyvinning

## ALTERNATIV ADVENTSKALENDER 2024

<b>1.</b> Fyrste søndag i advent. Tenn det fyrstelyset og befor fred.	<b>2.</b> Lær deg å sei takk på eit anna språk.	<b>3.</b> Slipp nokon framfor deg i kø.	<b>4.</b> Statt Kirkenes nødhjelp. Vipps til 24:26 eller kjøp Julegave på nettsida deira.	<b>5.</b> Gje ros til nokon du kjenner for noko del er dyktige til.	<b>6.</b> Befor nokon du tenker på.
<b>7.</b> Skriv eit julekort for hand og send det til nokon du veit kjem til å bli glad for det.	<b>8.</b> 2. søndag i advent. Tenn det andre lyset og takk for noko.	<b>9.</b> Gje vekk eitt ting du ikkje brukar lenger.	<b>10.</b> Oppmuntra nokon i ord eller handling.	<b>11.</b> Set på favoritt-julesongen din. Syng med!	<b>12.</b> Sei til deg sjølv at du er god nok og gjer så godt du kan!
<b>13.</b> Luciadag! Smil til alle du møter på din veg i dag.	<b>14.</b> Begynn dagen med ein ekstra god og lang frukost.	<b>15.</b> 3. søndag i advent! Tenn eitt lys for deg sjølv - og nokon du er glad i.	<b>16.</b> Tenk på eitt godt minne frå barna din. Kva er det som gjer at du hugsar det?	<b>17.</b> Tenk på, eller skriv ned, tre ting du er takknemleg for.	<b>18.</b> Gå ein tur, aleine eller saman med nokon.
<b>19.</b> Ha ein skjermfri kveld.	<b>20.</b> Bryt ein tradisjon som stressar deg.	<b>21.</b> I dag kl. 10.20 snur sola. Lag noko godt og marker at det går mot lysare dager.	<b>22.</b> 4. søndag i advent. Tenn det 4. lyset og tenk på kva ordet heilag betyr for deg.	<b>23.</b> Ta tre djupe andedrag og ei stille stund.	<b>24.</b> Julafata! Ver open og gled deg over julas sitt budskap.



# Vennefest – ei heidundrande samling!



Solfrid Lindøy og Vetle Karlsen Eide i fri dressur.

Det skjer i år også: når heile verda går av hengslene i godteri-masing og graskar-innkjøp, inviterer kyrkja i Kvam til Vennefest. Jaudå, det er både godteri og utkledning så det heldt i kyrkja også – men me prøver ein liten freistnad på å vera eit alternativ til media sitt velregiserte kjøpepress.

Norheimsund kyrkje var fylt til randen med glade barn i tallause kostymer og utgåver då vennefesten gjekk av stabelen. Her var det konkurransar og leikar i alle fasongar og variantar, men også ei relativt roleg samling der travle barn fekk dra pusten og finna roen. Gode hjelparar frå fjern og nærliggende områder kom også.

stilte opp og gjorde dette storlyftet mogeleg, men utan krumtapp og drivkraft Solfrid Lindøy hadde det vore vanskeleg, ja. Ho er god å ha! Sjå bileta – og vit at det heile var akkurat den festen det var meint å vera!



120 barn fylte kyrkja til vennefest



Tja - kva skal ein sei...?



## Ynskjer du ei velstelt grav heile året?

Me kan tilby stell og montering av EMPERI.  
Kan også ta oppussing og oppretting av  
gravsteinar.

For informasjon og avtalar  
ta kontakt med **Rusk og Rask**  
v/Arvid Strømme tlf. 99597848.

## Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingjering og  
fornying av skrift på gravminne samt planting?  
Me tilbyr også sal av nye gravminne med tilbehør  
(Eikner naturstein)

Har lang erfaring og  
gjer førehandspris

Ring 406 11 817

Leivmagnar.fosse@gmail.com



L.M Fosse

# BØNEVEKE I KVAM 19.- 26 januar 2025

## -Saman i bøn for Kvam -

I januar i år, 2024, var første gongen me inviterte til bøneveke i Kvam i regi av Norheimsund indremisjon og Vikøy sokneråd. Hovudoverskrifta var «Bøn i Kvam for kristen einskap». I 2025 kallar me det rett og slett «Bøneveke i Kvam». Me vil konsentrera oss meir om det nære, men me vil be samtidig med den verdsvide kyrkja; 19.- 26.januar, og det er fint.



Av Borghild Tufteland

I år er arrangørgruppa utvida med representantar frå «Mødre i bøn i Kvam» og «Hardangerfellesskapet, SALT», som høyrer til Pinserørsla og held til i Øystese. Alle andre kristne fellesskap i Kvam er hjarteleg velkomne til å vera med. Det er ein draum om me kan samlast ein gong i året i bøn for Kvam.

Opplegget blir mykje som i fjar, men i år vil me ha felles oppstart med «Alle-saman-samling» i gudstenestetida i Norheimsund bedehus søndag 19.januar. Sidan Olav Eikemo er talar på møtet, blir samanhengen med bøneveka i fjar tydeleg. Då samla han fullt hus i kyrkjelydsalen i Norheimsund kyrkje til ein temakveld om bøn.

Nytt i år er at det blir middagsbøn for alle som har høve til å vera med, i Norheimsund kyrkje kvar kvardag kl 12 – 12.30. Sokneprest Vetle Karlsen Eide har ansvar for alle tidebønene.

Onsdag kveld 21.januar har me oppfordra elevane på Framnes kristne vidaregåande skule til å leggja onsdagsmøtet sitt til Norheimsund kyrkje. Sara Dalsbø Hansen frå SALT-fellesskapet på Voss har sagt ja til å vera med på samlinga. Dei unge kristne på Framnes er i fyr og flamme for Jesus, og me gler oss til å få oppleva og kanskje bli smitta av deira entusiasme.

Som i fjar blir det 12 timer med kontinuerleg bøn i Norheimsund kyrkje laurdag 25.januar, kl 09.00 – 21.00. Folk kan koma og vera med så kort eller lenge, eller kor mange gonger dei vil. Me samlast først til liturgisk morgenbøn og middagsbøn kl 13.00. Kl 19.00 vonar me mange vil vera med på lovsongskveld med eit av dei fine lovsongsteama i kommunen. Det blir ingen pause mellom lovsongen og kveldsbøna kl 20.00. Alle dei andre heile timane denne dagen, byrjar me felles med musikk, tekstlesing og oppsette bøneemne. Resten av tida ber folk stille.

Denne laurdagen blir det sett opp stasjonar for bønevandring i kyrkjerommet. Mange tykkjer dette er ein meir praktisk, men fin måte å be på. Slik bøn høver spesielt godt for born og unge også. Kva med å ta med barn eller barnebarn på bønevandring i kyrkja denne dagen? Velkommen konfirmantar!

I haust var soknerådsleiaren i Vikøy sokn på bøneretre-at i Wales. Ho kom heim med ideen om eit stille rom for kreativ bøn. Me gjer kyrkjelydsalen om til eit slikt rom. Her vil du finna teikne- og malesaker, og Solrunn Nes plasserer nokre av ikona sine langs veggane i rommet. Slik blir den katolske arven også representerert.

Bøneveka blir avslutta med felles gudsteneste i Norheimsund kyrkje søndag 26.01. «Tårnagentane», trusopplæring for 11-åringar, er med på gudstenesta i år også.

Set av veka i kalenderen, les plakatar og merk deg annonse i HF. Du kan også lesa om bøneveke i Kvam på nettsidene våre: [bedehusweb.no](http://bedehusweb.no) og [kyrkja.no/kvam](http://kyrkja.no/kvam)



Lysgloben er etterkvart eit umisteleg inventar i kyrkjerommet

# GUDSTENESTER I SOKNA

## 24. november

Strandebarm kyrkje kl. 11.00  
Familiegudsteneste med Lys vaken

## 1. desember

Norheimsund kyrkje kl. 16.00  
Lysmesse

## 1. desember

Ålvik kyrkje kl. 17.00  
Lysmesse

## 8. desember

Øystese kyrkje kl. 19.00  
Lysmesse

## 15. desember

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

## 15. desember

Strandebarm kyrkje kl. 17.00  
Lysmesse  
(Sundagsskule kl. 11.00)

## 24. desember

Ålvik kyrkje kl. 14.30

## 24. desember

Norheimsund kyrkje kl. 14.30

## 24. desember

Strandebarm kyrkje kl. 16.30

## 24. desember

Øystese kyrkje kl. 16.30

## 25. desember

Norheimsund kyrkje kl. 12.00

## 31. desember

Strandebarm kyrkje kl. 16.00

## 31. desember

Norheimsund kyrkje kl. 18.00

## 5. januar

Øystese kyrkje kl. 11.00

## 12. januar

Ålvik kyrkje kl. 11.00

## 12. januar

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

## 19. januar

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

## 19. januar

Øystese kyrkje kl. 11.00

## 26. januar

Norheimsund kyrkje kl. 11.00  
Familiegudsteneste med tårnagent

## 2. februar

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

## 2. februar

Øystese kyrkje kl. 11.00

## 9. februar

Ålvik kyrkje kl. 11.00

## 9. februar

Norheimsund kyrkje kl. 19.00

## Jazzmesse

## 16. februar

Øystese kyrkje kl. 11.00

## 16. februar

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

## 23. februar

Ålvik kyrkje kl. 11.00

## 2. mars

Norheimsund kyrkje kl. 16.00  
Gudsteneste for alle

## 5. mars

Vikøy kyrkje kl. 19.00  
Askeonsdag

## 9. mars

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

## 9. mars

Øystese kyrkje kl. 11.00

## 16. mars

Ålvik kyrkje kl. 11.00

## 23. mars

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

## 30. mars

Øystese kyrkje kl. 11.00

## 30. mars

Strandebarm kyrkje kl. 17.00  
Gospelgudsteneste

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i HF!



Den norske kyrkja i Kvam  
- Kvam kyrkjelege fellesråd

Me har ledig vikariat for  
Kateket i 80% stilling frå  
01.02.2025 – 31.12.2025.

Søknad med CV vert å senda:

Kvam kyrkjelege fellesråd

Postboks 39, 5601 Norheimsund

Søknadsfristen er 10. desember 2024

Les meir om stillinga på

[kyrkja.no/kvam](http://kyrkja.no/kvam)

# Kristenretten er 1000 år

Ein engasjert føredragshaldar tok føremiddagstreffet i Norheimsund med på eit djupdukk ned i 1000-årsjubilanten kristenretten. Det vart ein uvanleg historette under kateretet til prorektor Torgeir Landro.

- På kort sikt kom nye normer med påbud og forbud, fortalte han. Kyrkja innførte raskt forbud mot barneutsetjing. No kjenner vi jo ikkje i detalj akkurat kva for regler som vart innført på Mostertinget og kva som etterkvart kom i kjølvatnet, men i kristenrettene i dei gamle landskapslovene finn ein regler om kva ein kunne eta, kven ein kunne gifta seg med, kvar ein skulle gravleggjast, og eit forbod mot arbeid på sundager og andre heilagdagar med meir. Desse endringane påvirkta til dei fleste sider av tilveret, frå vogge til grav, konstaterte Landro til ein lydhør forsamling.

På lang sikt inneber desse endringane at ættesamfunnet vert svekka og smuldrar opp, og at ein stat trer tydelegere fram, med styrking av individet si rolle. Ætta si plikt til hevn vart erstatta av offentleg straff. Ekteskapet, der kvenna tidligere vart brukt som ei brikke i alliansebygging mellom familiær, vart eit sakrament basert på samtykke mellom likeverdige partar. Ved bota og skriftemålet trer også enkeltindividet meir tydeleg fram og må stå ansvarleg ovafor Gud på eigne vegne. Verdiar som audmjuke, tilgjeving og menneskeverd vart framheva, i kontrast til norrøne ideal om ærefull død på slagmarka.

- I forbodet mot barneutsetjing og pålegget i Gulatings-kristenretten om frigjeving av ein trell hvert år, som eit lite skritt på vegen mot avskaffelse av slaveriet, ser ein eit anna menneskesyn: Mennesket skapt i Guds bilete.



## FRÅ KYRKJEBØKENE



### Dåp

#### Øystese sokn

Solveig Torpe Lilja  
Loke Sekse  
Adinà Lillevik Andriamalalanivo  
Luca Seim Bråthun  
Hedda Havrevoll

#### Vikøy sokn

Matheus Felix Melo Skar Selsvik  
Sofia Botnen  
Edvin Gjerde Fredheim  
Ava Flotve Neteland  
Else Brunborg Sjursen

#### Strandebarm sokn

Aurora Steine Risnes  
Martine Rykkje Straumstein



### Vigde

#### Alvik sokn

Elise Alvik Kvåle og Snorre Neteland

#### Øystese sokn

Guro Torpe og Tron-Helge Hoel Johansen

#### Strandebarm sokn

Kristina Kolbjørnsen Grønås og Ole Petter Wagenius Johansen



### Gravferd

#### Alvik sokn

Marta Djønne Kjepso (f. 1930)

#### Øystese sokn

Mina Næss (f. 1920)  
Elisabeth Børven (f. 1952)  
Solveig Sørheim (f. 1950)

#### Vikøy sokn

Gunnvor Skogesal (f. 1942)  
Marta L. Småbrekke (f. 1936)  
Jostein Brattabø (f. 1937)  
Sverre Neteland (f. 1935)  
Margith Oliva Knutsen (f. 1930)  
Kristin Storebø (f. 1954)

#### Strandebarm sokn

Hildur Skaar Bakke (f. 1949)  
Liv Solbjørg Riise (f. 1935)  
Morten Sleire (f. 1968)  
Anita Riise (f. 1973)

*- Din lokale VVS-leverandør*



Foto: Hunnvalven Media

**Våre fagfelt:**

- Sanitæranlegg
- Varmeanlegg
- Blikkenslagerarbeid
- Luftbehandlingsanlegg
- Automasjon/SD-anlegg
- Rehabilitering
- Nybygg hus/hytter
- Service

Tlf. 56 55 36 00 - [www.tecno.no](http://www.tecno.no) - E-post: [post@tecno.no](mailto:post@tecno.no)

TRANSPORT | KRANARBEID | MASKINTRANSPORT  
CONTAINERUTLEIGE | SAL AV FÖR, SINGEL OG SAND



**JAN MO A.S.**

Øystese | 56 55 59 22 | [janmo.no](http://janmo.no)

 **JOHAN SKEIE AS**  
GRAVING • BETONG • BRØYTING

Du når oss på tlf 915 45 745

**Øystese  Elektriske AS**

**DIN LOKALE ELEKTRIKAR**  
- brei erfaring innan bustad, industri og landbruk

**Installasjon og service av:**

- Sterk- og svakstraum
- ENØK og smarthusløysingar
- Tele og datanettverk
- Varmepumper

Tlf: 56 55 04 40 · [www.oelas.no](http://www.oelas.no)



Gule's Landbruk har eit breitt sortiment av reiskap for jordbruksar, entreprenørar og kommunar.

Firmapost@gules.no

Hardangerfjordvegen 569, 5610 Øystese. Tlf 56 55 53 19

**Ynskjer du gravstell?**



Fellesrådet sine tilsette  
steller graver for mange  
- men har kapasitet til meir.  
Ring kyrkjekontoret for prisar og info,  
tlf. 474 83 120. Eller sjå våre heimesider på [kyrkja.no/kvam](http://kyrkja.no/kvam)

  
**Bjelland**

**Briller - kontaktlinser - ur**  
[www.optikar-bjelland.no](http://www.optikar-bjelland.no) tlf.: 56 55 20 50

 **HARDANGER BYGGSENTER**

[www.hardangerbyggcenter.no](http://www.hardangerbyggcenter.no)

 **BYGGtorget** **MASTERHUS**  
- det blir som avtalt



**KVAM**   
**KRAFTVERK**

**Til deg! For deg!**

 **SparebankenVest**  
- satsar på vestlandet

[www.spv.no](http://www.spv.no) | Tlf. 05555

## Julekonsertar i kyrkjene 2024

Torsdag 5. desember kl 19.30

«Desembernatt»

Norheimsund kyrkje:

Norheimsund og Øystese Ungdomskor

Fredag 6. desember kl 18.00

i Øystese kyrkje:

Mannskoret Laudamus og Øystese

barnekor

Sundag 8. desember kl 18.00

i Norheimsund kyrkje:

Norheimsund musikklag,

Norheimsund skulemusikklag

– med gjester

Tysdag 10. desember kl 18.00

i Ålvik kyrkje:

Ålvik musikklag, Kor i Alle Dagar

Onsdag 11. desember kl 18.00

i Øystese kyrkje:

Øystese musikklag og Øystese skule-musikklag – med gjester

Laurdag 14. desember kl 19.00

«Julefryd – Snøsong»

Norheimsund kyrkje:

Damekoret FRYD

Sundag 15. desember kl 16.00

i Øystese kyrkje:

Øystese barnekor

Onsdag 18. desember kl 19.00

i Øystese kyrkje:

Me syng dei gamle julesongane,  
Øystese sokneråd

Sundag 22. desember kl 17.00

i Strandebarm kyrkje:

Strandebarm songlag

Måndag 23. desember kl 21.00

i Øystese kyrkje:

Kvammakoret

## SKILEIR 2025

31. JANUAR-2. FEBRUAR PÅ HELGATUN I MYRKDALEN  
UNGDOMSLEIR FOR 8. KLASSE OG OPPOVER



SJÅ INDREMISJONEN.NO, ELLER SKANN QR-KODEN, FOR MEIR INFO



En jul å  
glede seg til

Blå Kors har flere tilbud for  
barnefamilier som strever. Med  
din støtte kan vi hjelpe flere!

Gi din støtte til familier  
som har det vanskelig

Gi din gave på  
vipps 936679



Blå Kors